


Er du klar for nye utfordringar?



Valle kommune søker

Leiar teknisk avdeling og

Avdelingsingeniør oppmåling/gis

Valle kommune skal bygge opp ein ny teknisk avdeling. Byggeaktiviteten aukar, og presset på planprosessar er stort. Me treng fleire folk for å kunne gje gode, tilpassa tenester.

I Valle kommune får du arbeide med utfordrande oppgåver.

Me skal tilsette

Leiar teknisk avdeling. 100% stilling

med planfagleg kompetanse og bakgrunn frå offentleg tenesteyting.

Oppmålingsingeniør/GIS. 100% stilling

Den perfekte kandidaten kan arbeide innan baa fagfelta, men me er fleksible på stillingsinnhaldet.

Me trur at familiefolk vil finne stillingane ekstra interessante. Valle kommune er ein **god plass å vakse opp** med **gratis barnehage** og god skule. Fritidstilboda er gode med eit aktivt idrottslag, kulturskule med høg aktivitet, idrottshallog symjebasseng. Om vinteren finn du Brokke alpinsenter og gode langrennsløyper.



Avdelinga:

Etter ei intern omorganisering består avdelinga av omlag 24 årsverk.

- Leiar
 - Avd. ing. veg, vatn og avlaup
 - Avd. ing. kommunale bygg
 - Avd. ing. byggesak
 - Avd. ing. oppmåling/GIS
 - Rådgjevar særlovforvaltning (jordbruk)
-
- Uteavdeling med eigen koordinator for vaktmeistertjenester og reinhald.

Leiar teknisk avdeling

Me er sikre på at du har bakgrunn frå offentleg tenesteyting og såleis har innsikt i korleis beslutningsprossesane i kommunane fungerer. Har du i tillegg planfagleg kompetanse vil me svært gjerne høyre frå deg.

Av personlege eigenskaper trur me omgrep som tydeleg, konstruktiv, lyttande og ærleg beskriv deg.

Oppgåva er å sikre at Valle kommune kan ivareta si rolle som eit truverdig forvaltningsorgan og leverandør av gode, tilpassa tenester.

Oppmålingsingeniør/Gis.

Valle kommune har lange tradisjonar som hyttekommune. I dei seinare åra har utbygginga av høgstandard hytter starta. Særleg i Brokkeområdet er aktiviteten stor. Søkjarar som har kompetanse innan begge fagfelt er det me ønskjer, men me er fleksible på stillingsinnhaldet.



Fagleg oppdatering

Valle kommune vil prioritere dette fagfeltet for fagleg oppdatering i tida frametter. Vi har eit godt samarbeid med nabokommunane.

For både stillingane

Me er ein fin gjeng å jobbe saman med. Bakgrunn og alder varierer, men alle har eit mål om å gjere så godt ein kan for brukarane. I små kommuner jobbar me med “breiare” fagfelt enn i store kommunar.

Valle kommune

- Har omlag 1300 fastbuande og stadig fleire “hyttevalldølar”.
- Avstanden til Kristiansand og Stavanger er omlag 160 km. Til Oslo er det omlag 280 km.
- Valle kommune har firmaleilighet i “Markens”
- Valle kommune har fantastiske moglegheiter for jakt, fiske og friluftsliv
- Eit eldorado for fjellklatring
- Valle kommune er gode på oppveksttilhøve for barn
- Har rimelege kommunale utleigebustader
- Har tiltrettelagte bustadtomter i bustadfelt
- Nystarta småbruksprosjekt skal leggje til rette for at fleire småbruk kan “få ljøs i vindauga”



Er det jobb for andre i familien?

Innan helse- og oppvekstsektoren treng me fagfolk.

Fleire private verksemder har jamnleg ledige stillingar

Sjekk valle.kommune.no - eller ring oss, så kan me bistå i å undersøke moglegheitene.

Valle kommune kan tilby deg og din familie spennande arbeidsoppgåver og moglegheiter for ei aktiv fritid.

Me høyrer gjerne frå deg snarast råd.

Søknadsfrist 18. september.

Helsing
Elise Marie Kringen
konst rådmann

elise-marie.kringen@valle.kommune.no

Tlf. 913 319 51